

Møteinnkalling

Utval:	Administrasjonsutvalet
Møtestad:	Sunnhordland, Fylkeshuset Bergen
Dato:	11.09.2014
Tid:	13:00

Til dette møtet har Astrid F. Selsvold og Atle Kvåle meldt forfall. **Benthe Bondhus og Marte Malones vert innkalla.**

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Administrasjonsutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Mona Haugland Hellesnes
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 12/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 13/14	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 03.06.14	2014/13100	
PS 14/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 13/14	Møtebok frå møte i administrasjonsutvalet 18.november 2014	2014/13100	
RS 14/14	Revisjon av rutine for oppfølging av sjukmelde - mars 2014	2014/13428	
RS 15/14	Sjukefråvær Hordaland fylkeskommune 1. kvartal 2014	2014/12154	
RS 16/14	Innføring av tilsettingskontroll i HFK	2014/18498	
RS 17/14	Sjukefråvær Hordaland fylkeskommune 2. kvartal 2014	2014/12154	
RS 18/14	Invitasjon til IA-konferansen 2014	2014/13100	
RS 19/14	Notat om overtal pedagogisk tilsette, hausten-14	2014/20366	

PS 12/14 Godkjenning av møteinnkalling



Arkivnr: 2014/13100-5
Saksbehandlar: Birte Markeseth Aasen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet	13/14	11.09.2014

Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Forslag til vedtak

Administrasjonsutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Møtebok administrasjonsutvalet 03.06.14

Utval: Administrasjonsutvalet
Møtestad: Sunnhordland, Fylkeshuset, Bergen
Dato: 03.06.2014
Tidspunkt: 10:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Astrid F. Selsvold	Nestleiar	FL A/KF/SP
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Tom-Christer Nilsen	Medlem	H
Mona Haugland Hellesnes	Leiar	V
Tore Johannessen	Medlem	LO-K
Kari L. Bjørnsvik	Medlem	UNIO
Irene Ness	Medlem	AKAD

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Tore Andersen	Medlem	YS-K
Atle Kvåle	Medlem	FL A/KF/SP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Manglar møtebok frå novembermøtet – må handsamast i neste møte.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Frode Mannsåker	Seniorrådgjevar
Gun May Haugland	Seniorrådgjevar
Brita Bøyum	Seniorrådgjevar
Ruth Brudvik	HMT-sjef
Geir Davidsen	Personaldirektør
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon
Birte M. Aasen	Utvalssekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 7/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 8/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 9/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 9/14	Sjukefråvær Hordaland fylkeskommune 1. kvartal 2014 - revidert	2014/12154	
RS 10/14	Overordna HMT-plan 2014-2017	2014/1385	
RS 11/14	Revidert årshjul 2014 for administrasjonsutvalet	2014/13100	
RS 12/14	Meldingssak om medarbeidarundersøkinga	2014/1355	
PS 10/14	Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester	2014/12509	
PS 11/14	Ymse		

PS 7/14 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 03.06.2014

Vedtak

Administrasjonsutvalet godkjenner møteinnkallinga.

PS 8/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 03.06.2014

Vedtak

Administrasjonsutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte.

PS 9/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 03.06.2014

Vedtak

Administrasjonsutvalet tar referatsakene til orientering.

RS 9/14 Sjukefråvær Hordaland fylkeskommune 1. kvartal 2014 - revidert

RS 10/14 Overordna HMT-plan 2014-2017

RS 11/14 Revidert årshjul 2014 for administrasjonsutvalet

RS 12/14 Meldingssak om medarbeidarundersøkinga

PS 10/14 Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester

Forslag til innstilling

Reglement om Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester blir vedteken slik det ligg føre i vedlegg til saka.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 03.06.2014

Innstilling

Reglement om Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester blir vedteken slik det ligg føre i vedlegg til saka.

PS 11/14 Ymse

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 03.06.2014

Ingen merknader

PS 14/14 Referatsaker (Meldingar)

MØTEBOK

Administrasjonsutvalet

Dato: 18. november 2013 **Kl.:** 10.00 – 12.00 **Stad:** Fylkeshuset, møterom 4 etg.
Sunnhordland

Saknr.: 2/13 – 3/13

MØTELEIAR

Hellesnes, Mona Haugland (V)

DESSE MØTTE

Selsvold, Astrid F. (A)
Johannessen, Tore (LO-K)
Bjørnsvik, Kari L. (UNIO)
Andersen, Tore (YS-K)
Hjemdal, Silje (FRP)
Strømme, Mona Røsvik (H)
Nyborg, Torill Selsvold (KRF)

FORFALL

Kvåle, Atle (A)
Søviknes, Terje (FRP)
Nilsen, Tom-Christer (H)
Rundhovde, Hanne S. (NLL)

DESSUTAN MØTTE

Fylkesdirektør organisasjon Ingrid Holm Svendsen
Personaldirektør Geir Davidsen
Seksjonsleiar Birte M. Aasen som sekretær

MERKNADER TIL INNKALLINGA

Det låg fleire dokument i den elektroniske utgåva enn i papirutgåva.
Nettbrett til tillitsvalde er bestilt, administrasjonsutvalet vil frå neste møte kun få møteinnkalling
tilsendt elektronisk.

GODKJENNING AV SAKLISTA

Saklista vart godkjend utan merknader.

GODKJENNING AV MØTEBOKA 24.09.13

Godkjenning av møtebok vert ført som eiga sak 3/13.

MELDINGAR

Periode: 24. september 2013 - 18. november 2013

Nr. Arkivsak Referatsakstittel

- | | | |
|-------|--------------|---|
| 14/13 | 201112124-16 | Revidert møteplan for administrasjonsutvalet 2014 |
| | | Revidert møteplan må meldast til fylkesutvalet.
Møtetidspunkt endra til kl 1030 – 1230.
Møtet 04.12.13 blir avlyst. |
| 15/13 | 200910171-16 | Bruk av mellombelse tilsetjingar i HFK |
| | | Administrasjonsutvalet ber om å få denne rapporteringa med jamlege mellomrom. |
| 16/13 | 201202154-13 | Sjukefråvær i Hordaland fylkeskommune 3. kvartal 2013 |

SAKNR.

2/13 ÅRSBUDSJETT 2014 / ØKONOMIPLAN 2014-2017

Kari Bjørsvik og Tore Johannesen sette fram slikt tilleggforslag på vegner av Unio og LO-Kommune:

- «Administrasjonsutvalet ber om at opplæringsavdelinga sitt budsjett vert styrka med å tilbakeføre dei 22 millionar kronene som var trekt ned høve fjorårets budsjett. Dette skal gå direkte til skulebudsjetta for å styrke undervisninga. Finansierast gjennom auka ramme.
- Elevane må få oppfølging av lærar i alle timane sine i prosjekt til fordjuping.»

Tore Andersen sette fram slikt tilleggforslag på vegner av PARAT:

« Sjø nærare på sjukefråvær innanfor tannhelsesekretærar og reinhaldarar.»

Torill Selsvold Nyborg sette fram slikt tilleggforslag på vegner av KrF:

« Fylkesrådmannens budsjettframlegg vert lagt til grunn med desse endringane.

Opplæring

Ny stilling som «mobbeombod»	0.8 mill	
Instruktørkurs	1,0 mill	
Førebygging mot slutting	2,0 mill	
Planleggingsmidlar til ny skule på Rubestaneset	1.5 mill	

Samferdsel

Studentkort som gjeld heile fylket	1,0 mill	
Periodekort buss/båt i Nordhordland	1,0 mill	
Planleggingsmidlar til innfartsparkering	3,0 mill	<u>10,3 mill</u>

Verbalforslag

HFK med aktiv støtte til Masfjordbrua
Alle elevar i Vgs. som treng det, skal få tildelt lærlingeplass
Det betyr betydeleg auke i lærlingeplassar i offentleg sektor,
og betydeleg auke i lærlingeplassar i ideelle og frivillige organisasjonar
HFK må forhandla med Samferdselsdepartementet og NSB for å få same takstar for buss og tog frå Arna til Bergen.

KrF meiner at progresjonen når det gjeld innfartsparkering er altfor svak. Derfor vil KrF bevilga 20 millionar til investering i 2015. Det er spesielt viktig å få skikkeleg innfartsparkering ved trafikk-knutepunkta i kommunane rundt Bergen. Slik at vi når kollektivmåla og klimamåla til Hordaland Fylkeskommune.

Saldering

Disposisjonsfondet	<u>10,3 mill</u>
--------------------	-------------------------

Finansiering av 20 mill til innfartsparkering i 2015 vert å koma attende til i neste års budsjett.»

Røysting

Fylkesrådmannen si innstilling vert tatt til orientering
Forslaga sett fram i møtet følgjer saka.

INNSTILLING

1 a) Investeringsbudsjettet for 2014 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 151 590
Tilskot og refusjonar m.m.	2 914 400
Salsinntekter	5 000
Bruk av avsetjingar	75 000
Midlar frå driftsbudsjettet	50 000
SUM INNTEKTER	4 195 990
Disponert slik:	
Politiske organ, administrasjon, fellesfunksj.	40 000
Opplæring	590 000
Tannhelse	30 000
Regional utvikling	1 000
Bybaneutbygging	1 530 000
Fylkesvegar	1 848 490
Andre samferdselsføremål	128 500
Kultur	3 000
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	4 170 990
Utlån og forskotteringar	20 000
Avsetjingar	5 000
SAMLA FINANSIERINGSBEHOV	4 195 990

b) Driftsbudsjettet for 2014 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)		5 665 500
Finansutgifter	netto	504 100
Fondsavsetjingar	netto	9 000
Til finansiering av utg. i investeringsbud.		50 000
TIL FORDELING DRIFT		5 102 400
Fordelt slik:		
Politiske organ, administrasjon, fellesfunksj.	netto	288 143
Opplæring	netto	2 672 762
Tannhelse	netto	182 197
Regional utvikling	netto	81 934
Fylkeskommunal næringsverksemd	netto	-94 450
Samferdsel	netto	1 702 838
Kultur	netto	161 148
FORDELT PÅ SEKTORANE	netto	4 994 572
Tilleggsløyvingskonto		2 828
Lønsavsetjing		105 000
TIL SEINARE FORDELING		107 828

2. Låneopptak

a) Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 151,59 mill. kr.

- b) Fylkestinget godkjenner låneopptak på inntil 175 mill. kr til bompengeprojektet E134 Stordalstunnelen. Avdragstid er maksimalt 15 år.
- c) Fylkestinget godkjenner opptak av kassakreditt på inntil 500 mill. kr.

3. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr 73 680
Stønad pr. representant i gruppa	kr 41 370
Frikjøp pr. representant	kr 39 940

4. Disponering av IT-løyving

Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå kontraktar som disponerer inntil 50% av IT-løyvingane i økonomiplanperioden.

5. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta

Fylkestinget godkjenner at takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 3 % frå 01.01.14.

6. Kollektivtakstane

Kollektivtakstane vert vedtekne i samsvar med oppstillinga i budsjettgrunnlaget side 80.

7. Arkeologiske tenester

Timeprisen for arkeologiske tenester vert fastsett til kr 700.

Økonomiplanen for 2014-2017

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

3/13 GODKJENNING AV MØTEBOK - ADMINISTRASJONSUTVALET 24.09.13

VEDTAK

Møteboka frå administrasjonsutvalet 24.09.13 vert godkjend.



Notat

Dato: 12.03.2014
Arkivsak: 2014/13428-1
Saksbehandlar: fromann

Til:	Hovudarbeidsmiljøutvalet Administrasjonsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Revisjon av rutine for oppfølging av sjukmelde - mars 2014

Bakgrunn:

Rutinen for oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar i Hordaland fylkeskommune er sett saman av ein kombinasjon av pålegg i lov- og avtaleverk og intern praksis utvikla over år.

Denne revisjonen gjeld eit avgrensa område der Hordaland fylkeskommune har hatt ein praksis for utbetaling av sjukeløn som går lenger enn folketrygdlova og hovudtariffavtalen tilseier. Fylkesrådmannen ønskjer å stramme inn denne praksisen slik at vi følgjer gjeldande regelverk. Revisjonen har som siktemål både å redusere kostnader til sjukeløn, og sørkje for meir ryddige tilhøve der tilsette av helsemessige grunnar arbeidar i redusert stilling og samstundes held på heile den stillinga dei var tilsett i. Når dette skjer over lengre tid oppstår ein urimeleg blokkering av ny tilsetting i den delen av stillinga som reelt sett er ledig.

Situasjon

Tilsette i Hordaland fylkeskommune har krav på full løn under sjukdom i inntil 52 veker. Når denne tida er brukt opp, ofte kalla «maksdato», gjer ein ulike val ut frå helsemessige og økonomiske vurderingar. Den tilsette har ved maksdato tre ulike vegar å gå:

- Gå tilbake i heile den stillinga ein er tilsett i, utan andre ytingar.
- Gå tilbake i 50% eller mindre av stillinga, kombinert med arbeidsavklaringspengar frå NAV og evt. tenestepensjon.
- Gå tilbake i meir enn 50% av stillinga, slik at ein ikkje får arbeidsavklaringspengar frå NAV. Ein vil då normalt ha rett på tenestepensjon utan samordning med NAV.

Kva for rettar til sjukelønn gjeld i desse situasjonane?

a) Etter 16 dagar i opphavleg stilling har den tilsette rett på sjukeløn (eigenmeldt eller legemeldt) i inntil 16 kalenderdagar. Etter 26 veker utan yting frå NAV (arbeidsavklaringspengar) vil ein på ny få rett til sjukepengar også utover 16 dagar.

Revisjonen vil ikkje endre på noko for denne gruppa.

b) Ved kombinasjon av redusert løn og arbeidsavklaringspengar har den tilsette ikkje rett på sjukepengar dersom ein vert heilt sjuk, verken eigenmeldt eller legemeldt. Arbeidsgivar må då stoppe løn, evt. trekke for mykje utbetalt løn. Den tilsette må då melde frå til NAV (meldekort) og evt. pensjonskasse, slik at ein får tilsvarende auka ytingar.

Denne revisjonen får heller ikkje verknad for denne gruppa.

c) Ved arbeid i redusert stilling utan arbeidsavklaringspengar frå NAV, så har fylkeskommunen til no handsama dette på same måte som i situasjon a), dvs. at ein har fått rett til sjukeløn dei første 16 kalenderdagane. Denne praksisen er i strid med folketrygdlova og hovudtariffavtalen. Det er altså her fylkesrådmannen vil at ein held seg til lov og avtale.

Kva seier lov- og avtaleverk?

Folketrygdlova seier i § 8-19 at det ikkje vert nokon ny arbeidsgivarperiode ved sjukdom som kjem innan 16 dagar etter at vedkomande arbeidstakar har teke opp att arbeidet. Korleis skal ein så forstå formuleringa «teke opp att» (bokmål: «gjenoppta»)? Her har ankenemnda for trygdesaker uttala seg klårt, ifølgje NAVs rundskriv til denne paragrafen:

«Ankenemnda har tolket § 8-19 fjerde ledd slik at arbeidstakeren må ha gjenopptatt arbeidet i den utstrekning arbeidsavtalen tilsier, for at det skal inntre en ny arbeidsgiverperiode *etter 16 dager*. Vi viser til Ankenemndas kjennelser i sak nr. 9/90 og 2/93.»

Ein tilsett med arbeidsavtale i t.d. 100% stilling som delvis tar opp att arbeidet sitt, t.d. i 60%, stettar altså ikkje kravet til ny arbeidsgivarperiode, og har dermed ikkje krav på sjukeløn frå arbeidsgivar. Verken eigenmelding eller sjukmelding frå lege endrar på den lønsmessige sida av saka (men dei kan leggast fram som dokumentasjon på lovleg frávær).

Hovudtariffavtalen omtalar retten til sjukeløn i kap. 1, § 8. Viktigast her er § 8.1, som slår fast arbeidsgivar skal betale ut sjukeløn i heile den tida arbeidstakaren har rett til dette etter folketrygdlova. Hovudtariffavtalen har ingen punkt som gir arbeidstakar betre rettar enn folketrygdlova i den situasjonen vi her har for oss.

Konklusjon: Hordaland fylkeskommune er ikkje pliktig til å betale ut sjukeløn til arbeidstakar som etter maksdato berre tar opp att deler av den stillinga ein er tilsett i.

Korleis kan arbeidstakar innrette seg når løn vert stoppa pga. sjukefrávær?

Den tilsette kan her velje mellom to alternativ:

1) Halde på den opphavlege stillinga si, og dermed ikkje få rett til sjukeløn i arbeidsgivarperioden. Dersom ein har fått innvilga uførepensjon i pensjonskassa, vil ein kunne søkje denne om auke yting for perioden utan løn. (Fylkeskommunen har som intern regel at ein kan halde på den opphavlege stillinga si i inntil tre år). Når ein har gått utan yting frå NAV i 26 veker vil ein kunne få sjukeløn frå NAV, men ikkje frå arbeidsgivar. Arbeidsgivar vil forskottere slik sjukeløn frå NAV, og deretter får dette refundert frå første fráværsdag.

ELLER

2) Skrive under på ein ny arbeidsavtale for den deltidstillinga ein meiner at det er helsemessig grunnlag for å halde på. Når ein har fungert i 16 kalenderdagar i denne nye deltidstillinga, vil ein ha rett på sjukeløn i ny arbeidsgivarperiode.

Endring av ordlyd i rutinen

Vedlagt følgjer den reviderte rutinen for oppfølging av sjukmelde i HFK.

Bortsett frå nokre mindre justeringar og rettingar, er det berre punkta 7.8 og 7.13 som er endra i tråd med det som er forklart over. I tillegg er punkt 7.15 tilpassa det faktum at KLP har overtatt som pensjonsleverandør etter DNB.

I samband med den nye IA-avtalen som vart underteikna 4. mars i år vart det varsla fleire omleggingar og forenklingar av dei lovpålagte punkta i sjukefráværsoppfølginga. Fylkesrådmannen avventar handsaming av desse lovendringane i Stortinget, men tek sikte på å ha ferdig ein ny revisjon av sjukefráværsrutinen når evt. nye reglar trer i kraft 1. juli 2014.

Vedlegg: Rutine for oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar, revidert 12. mars 2014.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar		
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011
Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

1. Føremål

Denne rutinen har til føremål å gjere tydeleg dei krava til kvalitet og framdrift som gjeld ved oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar i Hordaland fylkeskommune.

Rutinen skal verke til at alle tilsette etterlever lov og avtaleverk på dette feltet. Sjå meir på side 18 om kva for lover etc. som regulerer oppfølginga.

Denne rutinen erstattar versjonen revidert 25.10.2013.

Rutinen skal støtte opp under arbeidet med å gjere alle einingar i Hordaland fylkeskommune til meir inkluderande arbeidsplassar og til å nå måla om auka nærvær og redusert sjukefråvær.

2. Omfang

Rutinen gjeld alle tilsette i Hordaland fylkeskommune, og omtaler kva for pliktar som gjeld både den einskilde sjukmeldte arbeidstakar og næraste overordna. Både arbeidstakarar og leiarar har ansvar for å setje seg inn i rutinen. Leiarar skal nytte rutinen i den daglege oppfølginga av tilsette med helseproblem, anten det skuldast sjukdom eller skade. Rutinen gjeld utan omsyn til om årsaka til helseproblem har samanheng med tilhøva på eller utanom arbeidsplassen.

Rutinen ligg til grunn for den IT-baserte **oppfølgingsmodulen i Personalportalen**. Alle leiarar skal nytte oppfølgingsmodulen når eit sjukefråvær skal følgjast opp, ved å opprette sak, leggje inn tiltak, samtalar, oppfølgingsplanar, rapport til NAV m.v.

Med **arbeidsgivar** eller **leiar** vert det i denne rutinen meint den eller dei som har det daglege personalansvaret ved tenestestadene i HFK, dvs. **næraste leiar** ut frå gjeldande godkjende organisasjonsplan, dvs. den som den sjukmelde rapporterer til i Personalportalen.

Einingsleiar kan avgjere om noko av oppfølgingsansvaret, t.d. ved særleg lange eller kompliserte fråvær, skal flyttast frå næraste leiar til annan leiar med personalansvar, evt. overtakast av einingsleiar sjølv.

Med **arbeidstakar** vert det meint alle som er omfatta av hovudtariffavtalen § 1, dvs. alle som er i eit fast forpliktande arbeidsforhold med ei på førehand fastsett arbeidstid. Rett til sjukeløn gjeld arbeidstakar som har teke til i stillinga si, jf. hovudtariffavtalen kap. 1 § 8.2.1.

Rutinen har vidare følgjande oppbygging:

3. Oversyn over fristar og ansvar	s. 2
4. Sjukefråvær - kva skjer når	s. 3
5. Eigenmeldingsordninga	s. 9
6. Hyppige korttidsfråvær	s. 10
7. Utfyllande informasjon	s. 11
8. Rapportering	s. 18
9. Vedlikehald av rutinen	s. 18

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar			
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011	Tal sider: 19
	Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

3. Oversyn over fristar og ansvar i sjukefråværsoppfølginga:

Frist	Kva	Kven					Sjå side
		Arbeids-givar	Sjukmeldt	Lege/sjuk-meldar	HMT-s./BHT	NAV	
1. dag	Melde om fråvær	Delta	Ansvar				
1. dag	Melde om yrkesskade/-sjukdom	Ansvar	Ansvar			Delta	
9. dag	Levere eigenmelding/sjukm.	Delta	Ansvar	Delta			
14. dag	Kontakt arb.givar - sjukmeld	Ansvar	Ansvar				
4 veker	Møte på arbeidsplassen: - utarbeide oppfølgingsplan - førebu dialogmøte 1	Ansvar	Delta				
4 veker	Sende oppfølgingsplan til lege/sjukmeldar	Ansvar					
7 veker	Dialogmøte 1	Ansvar	Delta	Delta	Delta		
8 veker	Utvida legerklæring ved manglande aktivitet	Delta	Ansvar	Ansvar		Delta	
9 veker	Sende til NAV: - oppdatert oppfølgingsplan - rapporteringsskjema	Ansvar				Delta	
25 veker	Sende revidert oppfølgingsplan til NAV	Ansvar	Delta				
26 veker	Dialogmøte 2	Delta	Delta	Delta	Delta	Ansvar	
8 md	Søknad om ytingar etter 1 år	Delta	Ansvar	Delta		Delta	
9-12 md	Dialogmøte 3 (kan krevjast)	Delta	Delta	Delta	Delta	Ansvar	
1 år	Vurdere arbeidsretta tiltak	Ansvar	Delta		(Delta)	Ansvar	
3 år	Drøfte avslutting av arbeidstilhøvet, evt særskilt avklaringsstatus	Ansvar	Ansvar				
5 år	Avslutting av arbeidsforhold	Ansvar	Ansvar				

Ved hyppige korttidsfråvær

Ca 5 fråvær siste 12 md	Samtale om fråværet	Ansvar	Delta		(Delta)		
24 dg. eigenmelding siste 12 md	Samtale om eigenmeldingsbruken, evt. tap av rett til eigenmelding	Ansvar	Delta		(Delta)		

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar			
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011	Tal sider: 19
	Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

4. Sjukefråvær – kva skjer når

Tidspunkt	Aktivitet
Første dag	<p>Arbeidstakar melder frå så tidleg som mogleg til næraste leiar om sjukefråvær og forventa fråværlengd. Slik melding skjer pr. telefon, ikkje som tekstmelding eller e-post. Om mogleg skal arbeidstakar informere om eigen funksjonsevne, dvs. om kva ein kan og ikkje kan gjere i sjukmeldingsperioden.</p> <p>Arbeidstakar pliktar å melde frå dersom ho/han meiner fråværet skuldast arbeidet eller tilhøva på arbeidsplassen.</p> <p>Det er næraste leiar som skal ha melding om fråvær. Dersom næraste leiar ikkje er til stades når arbeidstakar ringer, kan leiar ta kontakt med arbeidstakar pr. telefon i etterkant. Alternativt kan tenestestadene avtale kven som skal ta imot melding om fråvær når leiar ikkje er til stades.</p>
Første dag - Yrkesskade eller yrkessjukdom	<p>Dersom fråværet skuldast skade eller sjukdom som oppstår på arbeidsplassen gjeld følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidstakar pliktar å melde frå om uhellet/sjukdomen så snart som mogleg til næraste leiar/arbeidsgivar og eventuelt også til behandlande lege. Skjemaet «Ulykker og nestenulykker» i Personalportalen skal nyttast. • Arbeidsgivar skal se til at skjemaet i Personalportalen er utfyllt, få signert utskrift av skjemaet og sende det til NAV innan 3 dagar. Meldeplikta til NAV gjeld all yrkesskade/yrkessjukdom som medfører medisinsk behandling eller sjukefråvær. • Eige skjema om yrkesskade skal sendast til forsikringsselskap (skjema via Intranett – Forsikring). • Ved alvorleg skade skal arbeidsgivar varsle Arbeidstilsynet og politiet straks pr. tlf og deretter skriftleg til Arbeidstilsynet på eige skjema (www.arbeidstilsynet.no – Melding om arbeidsulykke). Lokalt verneombod skal ha kopi av slik skademelding. • Yrkesskade/yrkessjukdom skal i tillegg meldast som uønska hending (utan person-opplysingar) i Kvalitetssystemet, helst med framlegg til tiltak for å førebyggje nye hendingar. • Arbeidsgjevar skal sende melding til NAV sjølv om ein er i tvil om det ligg føre yrkesskade/-sjukdom. Den skadde kan og sjølv melde frå dersom arbeidsgivar ikkje gjer det.
2 – 8 dagar	<p>Eigenmelding: Arbeidstakar skal så raskt som mogleg fyller ut skjema for fråvær i Personalportalen, årsak «Eigenmelding IA», og sende til næraste overordna.</p> <p>Dersom det på eigenmeldingsskjemaet er kryssa "Ja" på at fråværet kan skuldast tilhøve på arbeidsplassen, skal næraste leiar innkalle til samtale med arbeidstakar med tanke på å førebygge framtidig arbeidsrelatert fråvær. Arbeidstakaren har rett til å ha med seg ein tillitsvald eller annan støtteperson.</p>

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar			
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011	Tal sider: 19
	Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

2-8 dagar (framhald)	<p>Sjukmelding: Arbeidstakar leverer sjukmelding frå lege/sjukmeldar til næraste leiar så raskt som mogleg. Det er del C og del D "Krav om sjukepengar" som skal leverast på arbeidsplassen. Del B skal den sjukmeldte behalde sjølv. Det er viktig at den sjukmeldte er nøyaktig ved utfylling av Eigenerklæring på del D, pkt.8.</p> <p>NB! Sjukmeldingar skal registrerast i Personalportalen fortløpande og utan unødig opphald, enten av leiar eller av tilretteleggjar.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Avventande sjukmelding: pkt. 3 på blanketten er fylt ut med datoar. Gjeld berre dei første 16 kalenderdagane. Arbeidstakar skal snarast råd ta kontakt med leiar for dialog om tilrettelegging. Baksida av sjukmeldingsblankett C skal fyllast ut av arbeidsgivar saman med arbeidstakar, og sendast i retur til sjukmeldar. Del D skal ikkje fyllast ut dersom ein kan unngå sjukmelding med tilrettelegging. Ein skal ikkje registrere avventande sjukmelding som sjukefråvær i Personalportalen. • Gradert sjukmelding: Pkt. 4 på blanketten er fylt ut. Her står sjukmeldingsgraden, oppgitt i prosent. Arbeidsgivar og tilsett skal drøfte arbeidsplan og tilrettelegging av oppgåvene. Gradert sjukmelding skal følgjast opp på same måte som heil sjukmelding. Sjå pkt. 7.2 s. 11. • Aktivitet ikkje mogleg: Pkt. 2.8 ("Nei") på blanketten er fylt ut. <p>Tilbakemelding til sjukmeldar (baksida av del C) skal alltid fyllast ut dersom sjukmeldaren har bede om det (avkryssing i pkt. 5.1).</p> <p>NB! For nytilsette må arbeidsgivar kontrollere at dei har rett til sjukeløn, ved å spørje om dei har hatt lengre sjukmeldingar i førre arbeidstilhøve.</p>
14 dagar	<p>Kontakt. Leiar kontaktar den sjukmeldte for å følgje opp. Tema for samtalen vil vere arbeidssituasjonen, om fråværet er arbeidsrelatert, funksjonsevne, og eventuelle tiltak arbeidsgivar kan setje i verk for at den sjukmelde heilt eller delvis kan kome tilbake i arbeid.</p> <p>Tillitsvald/verneombod kan gi råd og rettleiing til arbeidstakar, og bistå i dialog med arbeidsgivar under heile sjukmeldingsperioden.</p>
3 veker	<p>Leiar skal nytte oppfølgingsmodulen i Personalportalen for fortløpande dokumentasjon av oppfølgingsarbeidet gjennom heile sjukefråværet. Ein må vurdere kva for fråvær som skal føre til oppfølgingssak, ut frå om det ser ut til at det kan verte langvarig, dvs. vare meir enn ca. 3 veker.</p> <p>I oppfølgingsmodulen skal leiar registrere sjukmeldingane med datoar og namn og adresse på sjukmeldar. Tiltak, samtalar og oppfølgingsplanar vert også skrivne inn.</p> <p>Den sjukmeldte kan sjølv følgje med på kva som er skrive inn i si oppfølgingssak, via Personalportalen – Mi mappe - Oppfølgingsaker.</p>

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar		
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011
Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

4 veker	<p>Møte på arbeidsplassen. Oppfølgingsplan skal utarbeidast og registrerast i Personalportalen. Arbeidstakar pliktar å delta, informere om eigen funksjonsevne og sjå etter løysingar som kan redusere fråværet. Om ønskjeleg kan tillitsvald/verneombod delta i møtet.</p> <p>Næraste leiar og arbeidstakar vurderer om det er mogleg med gradert sjukmelding.</p> <p>Førebuing av dialogmøte 1: For å sikre at dialogmøte 1 vert gjennomført innan sju veker (sjå eige punkt nedanfor), bør næraste leiar og arbeidstakar i 4-vekersmøtet avtale tidspunkt for dialogmøtet, kven som skal delta og staden for møtet. Arbeidsgivar sender så innkalling til dei aktuelle partane. Sjå s. 12.</p> <p>HMT-seksjonen (bedriftshelsetenesta) skal alltid få innkalling til dialogmøte 1.</p> <p>Frist for oppfølgingsplan. Planen skal vere ferdig utarbeidd og underskreve seinast når den tilsette har vore heilt eller delvis borte frå arbeidet i 4 veker. Oppfølgingsplanen skal innehalde ei vurdering av arbeidstakar sine arbeidsoppgåver og arbeidsevne. Planen skal også innehalde aktuelle tiltak i arbeidsgivars regi, aktuelle tiltak med bistand frå HMT-seksjonen/bedriftshelsetenesta, NAV eller andre instansar, og plan for vidare oppfølging. Sjå nærare omtale i pkt. 7.3, s. 11.</p> <p>Utskrift av oppfølgingsplan skjer via Personalportalen.</p> <p>Arbeidsgivar skal sende oppfølgingsplanen til lege/sjukmeldar så snart han er utarbeidd, og seinast etter fire veker. NB! Bruk brevpost, ikkje e-post.</p>
7 veker	<p>Dialogmøte 1. Arbeidsgivar skal ha innkalla og gjennomført dialogmøte seinast innan 7 veker etter at arbeidstakar har vore heilt eller delvis borte frå arbeidet, med mindre dette er openbart unødvendig.</p> <p>Deltaking: Arbeidsgivar og arbeidstakar, samt HMT-seksjonen/bedriftshelsetenesta. Dersom arbeidstakaren ønskjer det kan tillitsvald eller verneombod delta i møtet. Arbeidstakaren sin lege/sjukmeldar skal innkallast til møtet med mindre den sjukmelde ikkje ønskjer det eller det ikkje vert sett som hensiktsmessig. Sjå meir om dialogmøte i pkt. 7.4, s. 12.</p> <p>Dialogmøtet skal omhandle innhaldet i oppfølgingsplanen, og avklare om det er aktuelt med tiltak på arbeidsplassen. Oppfølgingsplanen vert oppdatert og sendt lege/sjukmeldar.</p> <p>HMT-seksjonen/bedriftshelsetenesta bør få tilsendt gjeldande oppfølgingsplan i forkant av møtet.</p> <p>Dialogmøtet bør haldast på arbeidsplassen. Dersom det er vanskeleg å ha møte på arbeidsplassen, kan legekantoret eller NAV-kantoret vere alternative møteplassar. Ein kan òg nytte telefon- eller videokonferanse dersom praktiske tilhøve gjer det vanskeleg med eit vanleg møte.</p> <p>Etter dialogmøte held arbeidsgjevar regelmessig kontakt med den sjukmeldte, og følgjer opp dei tiltaka ein kom fram til i oppfølgingsplanen, jf. tidsfristar og påminningar i Personalportalen.</p>

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar			
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011	Tal sider: 19
	Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

8 veker	<p>Aktivitet på arbeidsplassen. Den sjukmeldte skal seinast innan 8 veker prøve seg i arbeidsrelatert aktivitet, unntatt når tungtvegande medisinske grunnar klart er til hinder for slik aktivitet. Slikt unntak skal i så fall stadfestast av sjukmeldar med ei utvida legeerklæring på sjukmeldingsblanketten pkt. 6 (Melding til NAV).</p> <p>Arbeidsrelatert aktivitet kan vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gradert sjukmelding (sjå s. 11) • arbeidsretta tiltak som omplassering, omskolering, etterutdanning • reisetilskott i staden for sjukepengar (sjå www.nav.no)
9 veker	<p>Rapportering til NAV. Arbeidsgivar skal innan 9 veker sende til NAV:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rapport om oppfølging av sjukmeld arbeidstakar - Oppdatert oppfølgingsplan <p>Rapporteringa skjer elektronisk via oppfølgingsmodulen i Personalportalen. Dei to dokumenta må sendast kvar for seg i to operasjonar.</p> <p>Rapporteringa til NAV skal skje også i dei tilfelle ein har funne det unødvendig å gjennomføre dialogmøtet. På rapporten skal det i så fall stå ei kort grunngjeving for kvifor møtet ikkje er halde.</p>
11-23 veker	<p>Samtalar: Leiar innkallar til samtaler kvar fjerde veke, i tråd med påminningar frå Personalportalen, og registrerer konklusjonar frå samtalene i oppfølgingsmodulen.</p>
25 veker	<p>Leiar sender revidert oppfølgingsplan til NAV seinast ei veke før dialogmøte 2 (gjeld også seinare dialogmøte).</p>
26 veker	<p>Dialogmøte 2. Når ein arbeidstakar har vore sjukmeldt (heilt eller delvis) i 26 veker, vil NAV kalle inn arbeidsgivar og arbeidstakar til eit nytt dialogmøte (dialogmøte 2). NAV vil òg vurdere å kalle inn lege/anna relevant medisinsk personale. Arbeidstakar kan ta med seg tillitsvald/verneombod i møtet. Arbeidsgivar/arbeidstakar kan be HMT-seksjonen (bedriftshelsetenesta) om å møte.</p> <p>I møtet skal arbeidsgjevar gjere greie for kva for tiltak som er gjennomført, eventuelt om tiltak er vurdert og vist seg umogleg å gjennomføre. Dersom interne tiltak i HFK ikkje har ført fram, skal NAV vurdere om det er trong for arbeidsretta tiltak eksternt.</p> <p>Dialogmøte skal resultere i ein ny oppfølgingsplan i Personalportalen, der det går fram kva som skal prøvast ut vidare og kven som følgjer opp dei ulike tiltaka. NAV vil vanlegvis utarbeide og sende ut referat frå dialogmøtet.</p>
6 – 8 månader	<p>Samtalar: Leiar innkallar til samtaler kvar fjerde veke, i tråd med påminningar i Personalportalen, og registrerer konklusjonar frå samtalene i oppfølgingsmodulen.</p>

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar			
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011	Tal sider: 19
	Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

8 måneder	<p>Yting etter maksdato. Møte mellom leiar og sjukmeldt. Dersom full tilbakeføring til arbeid verkar lite realistisk å få til før utløpet av sjukepengar etter 52 veker (maksdato), må følgjande settast i verk:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsgivar finn maksdato i rapporten «Varselliste» i Personalportalen. For å utløyse midlertidig uførepensjon i tenestepensjonsordninga må arbeidsgivar finne fram «Eigenerklæring ufør» i Kvalitetssystemet, og sjå til at den sjukmeldte fyller ut og sender erklæringa til Servicesenter løn. Sjå pkt. 7.15, s. 16. Arbeidsgivar noterer på Godkjenningsskjema som følgjer lønsskyring at oppfølging av maksdato er utført. • Servicesenter løn sender naudsynt dokumentasjon til tenestepensjonsleverandøren. • Arbeidstakar søker om vidare ytingar frå NAV, som vurderer om vilkåra for trygdeytingar framleis er oppfylde. Dette kan vere arbeidsavklaringspengar eller uførepensjon. (Lærarar skal i tillegg fyller ut og sende inn eige søknadsskjema til Statens pensjonskasse).
9 – 12 måneder	<p>Samtalar: Leiar innkallar til samtaler kvar fjerde veke, i tråd med påminningar i Personalportalen, og registrerer konklusjonar frå samtalene i oppfølgingsmodulen.</p> <p>Dialogmøte 3: Alle involverte parter kan ta initiativ til og delta i eit dialogmøte 3, som NAV innkallar til. Her kan man på nytt følgje opp og vurdere tilretteleggingstiltak og evt. behov for å søke arbeidsavklaringspengar og/eller tenestepensjon. Deltakarar: Som ved dialogmøte 2.</p> <p>Arbeidsgivar skal sende revidert oppfølgingsplan til NAV seinast ei veke før evt. dialogmøte 3.</p>
1 år	<p>Oppfølging og ny vurdering. Arbeidsgivar kallar inn til møte for å vurdere kva som skal skje framover, dvs. om arbeidstakar skal tilbake til ordinært arbeid eller om det er naudsynt med arbeidsretta tiltak. Tillitsvald/verneombod kan om ønskjeleg delta i oppfølginga.</p> <p>Hordaland fylkeskommune betaler ut løn under sjukdom til arbeidstakar i heile den tida arbeidstakaren har rett til sjukepengar etter folketrygdlova jf. hovudtariffavtalen kap. 1 § 8.1, dvs. fram til maksdato (sjå s.14). Dersom arbeidstakar ikkje kjem tilbake i arbeid ved maksdato, gjeld følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsgivar registrerer stopp av løn i Personalportalen • Arbeidstakar skal levere kopi av vedtaksbrev frå NAV til arbeidsgivar <p>NAV skal òg følgje opp etter 1 år, og igjen vurdere om arbeidsretta tiltak er aktuelt, evt. innkalle til dialogmøte og utarbeide aktivitetsplan.</p>
1 – 3 år	<p>Arbeidsgivar følgjer opp den tilsette regelmessig, som hovudregel kvartalsvis, og reviderer eller utarbeider ny oppfølgingsplan saman med den tilsette for å få han/ho tilbake på jobb etter behandling, rehabilitering eller arbeidsretta tiltak.</p> <p>I oppfølginga kan ein få bistand frå overordna leiing eller frå Personalseksjonen, HMT-seksjonen, tillitsvald/verneombod eller andre støtteinstansar.</p>

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar			
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011	Tal sider: 19
	Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

1 – 3 år (framhald)	<p>Dokumentasjon: Den tilsette skal fortløpande levere kopi av vedtaksbrev frå NAV og/eller tenestepensjonsordning, for å dokumentere eit vidare lovleg fråvær. Leiar held fram med å registrere oppfølginga i Personalportalen.</p> <p>Permisjon: Som ei frivillig ordning kan den tilsette ved maksdato søkje permisjon utan løn frå stillinga si, normalt for den perioden det er gitt tilsegn om stønad frå NAV og/eller pensjonsordning. Slik permisjon skal verte godkjend når det ligg føre legeattest eller vedtak om stønad. I permisjonstida, og særleg når tida for permisjon nærmar seg slutten, skal arbeidsgivar innkalle til møte for å drøfte vidare oppfølging, evt. forlenging av permisjonen.</p> <p>Normalt kan ein få halde på stillinga si dei tre første åra av eit sjukefråvær.</p>
3 år og meir	<p>Avslutning: Som hovudregel skal arbeidstilhøvet avsluttast, heilt eller delvis, når ein har vore fråverande i 3 år pga. sjukdom.</p> <p><u>Framhald i stillinga (fortsett sjukmeldt)</u></p> <p>I god tid før det er gått tre år (påminning i Personalportalen etter 2 år og 9 mnd) skal arbeidsgivar innkalle til møte, der arbeidstakar må ta med dokumentasjon om evt. utsikter til at ein kan kome tilbake til heile eller deler av stillinga. Slik dokumentasjon kan t.d. vere attest frå behandlande lege, psykolog eller helseinstitusjon. Dersom slik dokumentasjon ligg føre, vil arbeidsgivar kunne utsetje avslutning av arbeidsforholdet. Det same gjeld dersom særlege velferdsmessige grunner tilseier at ein ikkje seier opp vedkomande. Arbeidstakar skal få høve til å ha med seg sin tillitsvalde i alle møte der ein drøftar avslutning eller framhald i stillinga.</p> <p><u>Seie frå seg stillinga (få avklaringsstatus)</u></p> <p>For å ivareta tilsette med midlertidige ytingar etter det tredje året med fråvær, kan ein som eit unntak frå hovudregelen tilby at den sjukmeldte får halde fram med å vere tilsett ved tenestestaden i ytterlegare to år, på det vilkår at han/ho skriftleg seier frå seg stillinga si. Den sjukmeldte får med dette ein eigen avklaringsstatus ved tenestestaden, dvs. at ein er tilsett utan ei konkret stilling å gå til, medan ein er under helsemessig avklaring og rehabilitering. Mal for skriftleg akseptering av slik status ligg i Kvalitetssystemet.</p> <p>Dersom den sjukmeldte i løpet av dei to åra vert heilt eller delvis arbeidsdyktig, vil vedkomande ha førerrett til ledig stilling ein er kvalifisert for. Dersom det ikkje er ledig stilling ved den tenestestaden ein har vore knytt til, vil vedkomande verte meldt som overtallig, og få tilbod om anna stilling i tråd med reglar for prioritet ved førerrett til ledig stilling (sjå Kvalitetssystemet).</p> <p>Når arbeidstakar ønskjer å kome inn att i stilling etter avklaring, må arbeidsgivar (dvs. leiar på tenestestaden i samarbeid med Personalseksjonen) få rimeleg tid, minimum ein måned, til å områ seg før oppstart i ny stilling, jf. krav til samarbeid om oppfølgingsplan.</p> <p><u>Oppseiing av arbeidstilhøvet</u></p> <p>Eit arbeidstilhøve skal alltid avsluttast skriftleg, enten ved at den tilsette seier opp sjølv, eller ved at arbeidsgivar utformar oppseiing. Sjå meir s. 17.</p>

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar		
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011
Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

5. Eigenmeldingsordninga

Eigenmeldingsordninga er regulert av folketrygdlova §§ 8-23 til 8-27 og i IA-avtalen. Som IA-verksemd har HFK ei utvida og fleksibel ordning for eigenmelding:

- Arbeidstakar kan nytte eigenmelding i til saman 24 kalenderdagar i løpet av siste 12 månader.
- Fleksibel bruk, f.eks. 24 einskilde dagar, eller 8 dagar samanhengande tre gongar.
- Ikkje meir enn 8 dagar per fråværstilfelle (dvs. innafor ein 16-dagars periode)

Føremålet med den utvida eigenmeldingsordninga er å unngå unødig bruk av sjukmelding frå lege eller annan sjukmeldar. Dette sparar ressursar, og ein kan òg unngå unødig lengde på fråværet.

Retttil til å nytte eigenmelding: Arbeidstakar må ha arbeid i Hordaland fylkeskommune i minst to månader (folketrygdlova § 8-24) for å kunne nytte eigenmelding.

Teljing av dagar: Eigenmeldingsordninga gjeld **heile** dagar med fråvær. Ein tel kalenderdagar. T.d. vil fråvær ein fredag og påfølgjande måndag telje som 4 fråværsdagar i høve rett til eigenmelding, men berre som to dagar i høve fråværsstatistikk. Deltidsprosent verkar ikkje inn på retten til 8/24 kalenderdagar, men vert teken omsyn til i statistikk og tal tapte dagsverk.

Ein kan aldri nytte eigenmelding direkte etter sjukmelding frå lege/annan sjukmeldar. Innafor arbeidsgivarperioden må ein møte minst ein dag fysisk på jobb før ein kan nytte eigenmelding. Etter arbeidsgivarperioden må ein ha vore samanhengande 16 kalenderdagar i arbeid før ein igjen kan nytte eigenmelding. Når ein har nytta inntil 8 eigenmeldte dagar innafor ein 16-dagars periode, må ein vere samanhengande 16 kalenderdagar i arbeid før ein igjen kan nytte eigenmelding.

Melding: Arbeidstakar registrerer eigenmeldt sjukefråvær i Personalportalen, ved å fyller ut og sende skjema for fråvær, med årsaksalternativ «Eigenmelding IA». Leiar godkjenner eigenmeldinga.

På eigenmeldingsskjemaet skal arbeidstakar krysse av dersom fråværet er arbeidsplassrelatert. I kommentarfeltet kan ein utdjupe kva som har skjedd, og evt. foreslå tiltak. Leiar skal så innkalle til samtale om kva som kan gjerast for å førebyggje nytt fråvær.

Tap av retten til å nytte eigenmelding:

a) Etter 24 dagar med eigenmelding dei siste 12 månadene: Næraste overordna skal innkalle til møte for å varsle om at den tilsette ikkje har rett til fleire eigenmeldingar ved sjukdom.

Slikt hyppig korttidsfråvær skal samstundes følgjast opp i Personalportalen, sjå pkt. 6. nedanfor.

b) Misbruk av eigenmeldingsordninga: Dersom arbeidsgivar har rimeleg grunn til å tru at eigenmeldt sjukefråvær ikkje skuldast sjukdom, kan arbeidsgivar ta frå den tilsette retten til å nytte eigenmelding.

Før arbeidsgivar avgjer saka, skal den tilsette gis høve til å uttale seg.

Tap av retten til å nytte eigenmelding skal vurderast på nytt etter 6 månader. Dersom arbeidsgivar ikkje tar opp saka på nytt, har den tilsette igjen rett til å nytte eigenmelding etter denne perioden.

NB! Eigenmelding ved sjukdom hos barn og barnepassar: Denne ordninga gjeld for arbeidstakar som har omsorg for barn under 12 år, og er uavhengig av eigenmelding ved arbeidstakers sjukdom. Her gjeld maksimum 3 kalenderdagar pr. tilfelle. Kvar forelder kan nytte inntil 10 dagar per. kalenderår, evt. 15 dagar dersom ein har ansvar for meir enn 2 barn.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar		
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011
Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

6. Hyppige korttidsfråvær

Hyppig fråvær kan vere teikn på meir alvorleg helseproblem eller manglande jobbmestring. Arbeidsgivar skal derfor følgje opp slikt fråvær for å vise omsorg og førebyggje lengre fråvær.

Det er ingen lovfesta regel for når ein skal følgje opp korttidsfråvær. Arbeidsgivar skal ta omsyn til tidlegare dialog om eller kjennskap til helse- og funksjonsproblem, eventuelle oppfølgingsplanar, og den livsfasen den tilsette er i. Hordaland fylkeskommune legg til grunn følgjande rettleiande norm:

Etter om lag 5 tilfelle av sjukefråvær i ein periode på 12 månader bør leiar kalle inn til oppfølgingssamtale. Til slike samtalar kan den tilsette om ønskjeleg ta med seg tillitsvald eller annan støtteperson. HMT-seksjonen/bedriftshelsetenesta kan òg møte dersom det er tenleg. Konklusjonar frå samtalen skal først i Personalportalen, der leiar opprettar oppfølgingssak med oppfølgingstype «Hyppige korttidsfråvær».

Før samtalen skal arbeidsgivar skaffe oversikt over alt sjukefråvær og anna fråvær dei siste 12 månadane, både eigenmeldingar, sjukmeldingar, velferdspermisjonar o.a.

I samtalen kan følgjande spørsmål verte drøfta:

- Skuldast fråværet tilhøve på arbeidsplassen?
- Kan verksemda gjere noko for å legge betre til rette?
- Er det aktuelt å få støtte frå HMT-seksjonen (bedriftshelsetenesta)?
- Er det aktuelt å søkje NAV om fritak frå arbeidsgivarperioden (langvarig eller kronisk sjukdom, svangerskapsrelatert sjukdom)
- Kva kan den tilsette sjølv gjere for å redusere fråværet?

Konklusjonar frå samtalen vert nedfelt skriftleg i Personalportalen. Her kan ein òg leggje inn tiltak med ansvar og tidsfristar.

Ved framhald av hyppige fråvær: Leiar innkallar til møte. I tillegg til punkta i første samtale, kan leiar vurdere å ta opp om den tilsette har helse til å halde fram i stillinga si, evt. om ein i samråd med lege/behandlar bør vurdere å arbeide i redusert stilling. Oppfølging og tiltak vert ført i Personalportalen.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar		
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011
Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

7. Utfyllande informasjon

7.1. Sjukelønsordninga

Hordaland fylkeskommune betaler ut sjukeløn dei første 52 vekene av eit fråvær. Sjukeløn etter arbeidsgivarperioden (dei første 16 dagane) vert refundert frå NAV etter krav frå fylkeskommunen. Føresetnaden for å ha rett til løn under sjukmelding er at arbeidstakaren har byrja i stillinga, jf. hovudtariffavtalen § 8.2.1, og at ein har rett til slik løn etter folketrygdlova. For å kontrollere retten til sjukeløn for nyttilsette må arbeidsgivar spørje om dei har hatt lengre sjukmeldingar i førre arbeidstilhøve.

Reglane om sjukmelding og sjukeløn (folketrygdlova kap. 8) fokuserer på aktivitet framfor passivitet. Den sjukmeldte skal som hovudregel vere i arbeidsrelatert aktivitet. Målet er å få sjukmelde så raskt som mogleg tilbake til arbeid. Lege/sjukmeldar skal saman med arbeidstakaren vurdere om det frå eit medisinsk synspunkt er mogleg for arbeidstakaren å vere heilt eller delvis i jobb. Det skal vere tungtvegande medisinske grunnar til at ein person skal vere heilt borte frå arbeidet, både ved sjukmelding første gong og ved seinare sjukmelding.

7.2. Gradert sjukmelding

Dersom den sjukmeldte delvis kan utføre sine vanlege arbeidsoppgåver skal ein verte gradert (delvis) sjukmeldt. Dette er også aktuelt dersom ein kan utføre andre oppgåver etter tilrettelegging innafor den normale drifta til verksemda, jf. folketrygdlova §§ 8-6 og 8-13. Det er eit vilkår at evna til å utføre inntekstgivande arbeid er sett ned med minst 20 prosent.

I pkt 4.1 på sjukmeldingsblanketten skal periode og sjukmeldingsgraden stå, gjerne i form av ein opptrapping gjennom to periodar. Arbeidsgivar og arbeidstakar avtaler kva for oppgåver som skal gjerast til kva for tidspunkt i løpet av veka, t.d. om ein skal arbeide nokre heile dagar eller litt kvar dag. Det er og mogleg å avtale at den sjukmelde bruker lengre tid for å utføre delar av sine vanlege arbeidsoppgåver, for eksempel bruker heile dagen for å utføre 50 prosent av sine oppgåver. Ved to ulike arbeidsforhold er det mogleg å avtale at ein berre utfører det eine arbeidet. Avtalen bør gjerast skriftleg, enten i oppfølgingsplan i Personalportalen eller i møtereferat.

7.3. Oppfølgingsplan

Arbeidsmiljølova § 4-6 stiller krav om at det seinast etter 4 **veker** med sjukefråvær skal vere utarbeidd ein **oppfølgingsplan** for tilbakeføring til arbeid, med mindre dette er openbert unødvendig. Næraste leiar har ansvar for å utarbeide planen, medan den tilsette skal delta og skrive under. Leiar skal nytte skjema for oppfølgingsplan i Personalportalen. Utskrift på papir skal sendast til lege/sjukmeldar så snart den er utarbeidd.

Oppfølgingsplanen skal ta utgangspunkt i dialogen mellom arbeidstakar og arbeidsgivar og innehalde ei vurdering av arbeidstakar sine oppgåver og funksjonsevne, dvs. kva arbeidstakar kan gjere, og kva for normale oppgåver ein ikkje kan gjere. Oppfølgingsplanen skal vidare omtale tilrettelegging eller andre tiltak av fysisk, organisatorisk eller psykososial art for at den sjukmeldte skal kome tilbake i arbeid. Dersom tilrettelegging ikkje er mogleg skal dette grunngis. Særskilte utfordringar skal verte omtalt. Ein skal også nemne evt. behov for hjelp frå andre, t.d. HMT-seksjonen, NAV eller andre eksterne instansar, og plan for vidare oppfølging.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar		
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011
Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

Døme på tilretteleggingstiltak:

- Fysisk tilrettelegging av kontorplass, betre stol, hev/senk-bord o.l.
- Innkjøp/tilpassing av teknisk utstyr
- Endring av rutinar, arbeidsoppgåver eller arbeidstid
- Utprøving i nye arbeidsoppgåver

Det er begge partar sitt ansvar at planen er realistisk og i samsvar med medisinske vurderingar. Er det tvil om opplegget er medisinsk forsvarleg, bør arbeidstakar ta dette opp med lege/behandlar. Ein kan òg få hjelp til slik vurdering frå HMT-seksjonen/bedriftshelsetenesta.

Arbeidstakar pliktar å vere aktivt med i utarbeiding og gjennomføring av eigen oppfølgingsplan , jf. arbeidsmiljølova § 2-3 og folketrygdlova § 8-8.

Arbeidsgivar skal sende ajourført oppfølgingsplan til NAV innan 9 veker. Dette vert gjort elektronisk via Personalportalen, oppfølgingsmodulen. Revidert oppfølgingsplan skal sendast NAV innan ei veke før dialogmøte 2, dvs. seinast etter 25 veker. Dersom arbeidsgivaren ikkje etterkjem desse rapporteringskrava, kan NAV gi tvangsmulkt tilsvarende seks rettsgebyr (5160 kroner pr. juli 2013), jf. folketrygdlova § 25-3.

7.4. Dialogmøte 1

I følgjande tilfelle kan det vere openbart **unødvendig** å gjennomføre dialogmøte 1: (kjelde: Arbeidsdepartementet, 2012)

- Ved alvorleg sjukdomstilstand der ein kan slå fast at arbeidstakaren ikkje vil vere i stand til å vende tilbake til arbeidet.
- Når det er openbart at arbeidstakar innan kort tid uansett vil vende tilbake til full jobb utan tilretteleggingstiltak.
- Når det allereie er iverksett tilretteleggingstiltak på arbeidsplassen som fungerer, og det er openbart at arbeidstakar innan kort tid vil kome tilbake til full jobb.
- Ved alvorleg sjukdomstilstand av ein slik art at møtet ikkje kan gjennomførast på ein tenleg måte. (Møtet skal om mogleg avhaldast på eit seinare tidspunkt).

Fleksibel gjennomføring av dialogmøte:

Både lege/sjukmeldar og bedriftshelseteneste har ein rolle i dialogmøte 1. Følgjande vert presisert:

- Sjukmeldar skal delta i dialogmøte 1 med mindre arbeidstakar ikkje ønskjer det eller det ikkje vert sett som hensiktsmessig. Sjukmeldar skal delta i møtet dersom han/ho vert invitert, det same gjeld bedriftshelseteneste (dvs. HMT-seksjonen i HFK).
- Arbeidsgjevar og arbeidstakar avgjer i fellesskap om det er hensiktsmessig å innkalle sjukmeldar.
- Det skal leggast opp til fleksibilitet når det gjeld kvar dialogmøta skal haldast, om det vert gjort over telefon, videomøte m.v.
- Arbeidsgjevar skal ta kontakt med lege/sjukmeldar så snart det er mogleg, slik at møtetidspunkt, -stad og -form kan verte avtalt.
- Fleksibel deltaking gjeld også bedriftshelseteneste. Her kan ein delta pr. telefon eller videokonferanse.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar			
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011	Tal sider: 19
	Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

7.5. Særleg stort sjukefråvær – dekning («fritak») i arbeidsgivarperioden

Folketrygdlova § 8-20 gjer det mogleg å søkje om at NAV dekker utgiftene til sjukepengar i arbeidsgjevarperioden (dei første 16 dagane av eit sjukefråvær) dersom arbeidstakaren har

- ein langvarig eller kronisk sjukdom som medfører risiko for særleg stort sjukefråvær
- har ein sjukdom som medfører risiko for gjentatt fråvær i ein avgrensa periode
- er fråverande på grunn av sjukdom som er relatert til svangerskap

NAV legg følgjande til grunn for vurderinga av kva som er særleg stort fråvær:

- Minst 35 sjukedagar i året
- Minst 25 sjukedagar i året ved hyppige og kortvarige sjukefråvær innafor arbeidsgivarperioden fordelt på minst fem fråværstilfelle.

7.6. Gravide

Alle gravide arbeidstakarar bør følgjast opp både preventivt og ved sjukefråvær. Leiar opprettar sak i Personalportalen, oppfølgingsmodulen, og har jamlege samtalar med den gravide for å fremje nærvær og unngå sjukmelding.

Svangerskapspengar: Ei frisk gravid kvinne kan ha rett til svangerskapspengar dersom arbeidet, eller tilhøva på arbeidsplassen, kan medføre risiko for skade på fosteret. Eksempelvis: arbeid med kjemiske stoff, fysisk slitsamt eller risikabelt arbeid, arbeid med stor stressbelastning. Dersom det ikkje er mogleg med omplassering og tilrettelegging til anna arbeid, kan ein søkje NAV om svangerskapspengar. Slikt fråvær skal ikkje registrerast som sjukefråvær, men meldast til Servicesenter løn i Personalportalen («Andre meldinger»). Vedtaket frå NAV sendast til Servicesenter løn. Det er mogleg å søkje delvis (graderte) svangerskapspengar.

Fritak frå arbeidsgivarperioden: Dersom ein arbeidstakar er sjukmeldt pga. svangerskapsrelatert sjukdom, og tilrettelegging eller omplassering til anna arbeid ikkje er mogleg, kan arbeidstakaren sjølv eller arbeidsgivaren søkje om at NAV dekker utgiftene til sjukepengar i arbeidsgivarperioden (dei første 16 dagane), jf. folketrygdlova § 8-20.

7.7. Utanlandsopphald ved sjukmelding

Folketrygdlova § 8-9 slår fast som hovudregel at ein må opphalde seg i Noreg for å ha rett til sjukepengar. Ein kan i visse situasjonar likevel få sjukepengar i utlandet, mellom anna dersom ein er innlagt i helseinstitusjon for norsk offentleg rekning.

Etter søknad til NAV kan den sjukmelde også elles få sjukepengar i ein avgrensa periode under opphald i utlandet.

Prosedyre: Ettersom Hordaland fylkeskommune utbetalar løn forskotsvis, er det eit krav frå arbeidsgivar at ein varslar om utanlandsopphald ved sjukmelding. Den sjukmeldte må òg varsle NAV, og sende søknad til NAV-kontoret der ein bur. Før avreise må ein legge fram kopi av vedtak frå NAV om godkjenning av utanlandsopphaldet. I tillegg skal den sjukmelde varsle om at han/ho reiser til utlandet ved å fylla ut pkt. 8.12 på sjukmeldingsblankett D. Dersom NAV ikkje har handsama søknaden før avreise, må den tilsette legge fram kopi av søknaden til NAV. Arbeidsgivar skal varsle om risikoen ved å reise utan godkjenning frå NAV.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar		
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011
Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

Dersom NAV ikkje godkjenner sjukepengar under utanlandsopphald, og den tilsette likevel ønskjer å gjennomføre reisa, evt. allereie har gjennomført reisa, må ein enten bruke feriedagar for å dekke opphaldet, eller verte trekt i løn for perioden.

7.8. Maksdato – opptening av ny rett til sjukepengar

Når ein arbeidstakar har mottatt sjukepengar i til saman 248 dagar dei siste tre åra (i tillegg til sjukepengar i arbeidsgivarperioden), er retten til sjukepengar frå folketrygda brukt opp, jf. folketrygdlova § 8-12. Det er denne datoen som NAV fastset som **maksdato**.

For å få ny rett til sjukepengar frå arbeidsgivar må arbeidstakar kome tilbake i heile stillinga si i minst 16 dagar. Dersom ein kjem tilbake i berre ein del av stillinga, har ein ikkje rett på sjukepengar verken med eigenmelding eller sjukmelding frå lege/sjukmeldar. Dette gjeld sjølv om ein får delvis uførepensjon/attføringspensjon frå tenestepensjonsordninga, og sjølv om ein arbeidar meir enn 50 prosent.

For å få ny rett til sjukepengar frå NAV, må arbeidstakar ha vore heilt arbeidsfør, dvs. kome tilbake i stillinga si utan å ta i mot arbeidsavklaringspengar frå NAV, i 26 veker etter at vedkommande sist fikk sjukepengar frå folketrygda. Ved vurderinga av om arbeidstakar har vore heilt arbeidsfør i 26 veker, ser ein bort frå periodar der vedkommande har mottatt sjukepengar i arbeidsgivarperioden (inntil 16 dagar). Ein ser også bort frå om ein evt. mottok delvis uførepensjon frå NAV eller frå tenestepensjonsordninga.

Dersom den tilsette ikkje kan begynne i heile stillinga si etter maksdato, må ein søke om andre ytingar til livsopphald, normalt arbeidsavklarings-pengar frå NAV kombinert med midlertidig attføringspensjon/uførepensjon frå tenestepensjonsordninga, jf. pkt. 7.15 under.

7.9. Tilsette mellom 62 og 70 år

Tilsette mellom 62 og 70 år har same rett til sjukeløn som dei under 62 år, uavhengig av om ein tar ut alderspensjon frå folketrygda, jf. folketrygdlova § 8-51 og hovudtariffavtalen kap. 1 § 8.2.2.1.

7.10. Økonomiske verkemiddel frå NAV

NAV har ein rad med økonomiske verkemiddel for å halde sjukmelde personar i arbeid.

Her vert nemnt nokre døme:

- Reisetilskot som alternativ til sjukepengar
- Tilretteleggingstilskot
 - til meirutgifter for arbeidsgivar, t.d. ekstra utgifter til løn, opplæring, førebyggingstiltak
 - til arbeidshjelpemiddel (maksimalt kr 36 000,- pr. juli 2013)
- Stønad og bistand ved innkjøp av meir omfattande hjelpemiddel
- Refusjon av utgifter til bedriftshelseteneste
- Graderte sjukepengar (sjå pkt. 7.2)
- Kombinasjon løn – arbeidsavklaringspengar (sjå pkt. 7.13)
- Tidsbestemt lønstilskot (TULT)

På www.nav.no vil ein finne oppdatert informasjon om desse og andre verkemiddel i sjukefråværsoppfølginga.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar		
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011
Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

Personalseksjonen og HMT-seksjonen vil kunne hjelpe til ved søknadar til NAV, evt. med rettleiing frå NAV Arbeidslivssenter i Hordaland.

7.11. Tilbakeføring til arbeid og førerrett til ledig stilling

Arbeidstakaren skal helst halde fram i stillinga si etter tilrettelegging av arbeidet, jf. arbeidsmiljølova § 4-6 (1). Dersom tilrettelegging ikkje hjelper på situasjonen, kan arbeidstakaren omplasserast til anna stilling, jf. pkt. (2) i same paragraf. Før arbeidstakaren kan omplasserast til ein annan fylkeskommunal tenestestad, skal tenestestadene prøve å omplassere til ledig stilling lokalt. Personaldirektøren har fullmakt til å omplassere tilsette mellom ulike fylkeskommunale avdelingar og tenestestader.

Det er ein føresetnad for overføringa at vedkomande har nødvendige kvalifikasjonar, og at overføringa klart kan medverke til ein betre tilpassing til den reduserte funksjonsevna.

Arbeidstakar med mellombels eller varig redusert funksjonsevne kan sjølv søkje utlyste stillingar, og krevje førerrett dersom vedkomande er kvalifisert.

7.12. Arbeidsavklaringspengar frå NAV

Arbeidsavklaringspengar skal sikre inntekt i ein overgangsperiode der ein på grunn av sjukdom eller skade har trong for arbeidsretta tiltak, medisinsk behandling eller anna oppfølging frå NAV for å kome i arbeid. Ein kan få arbeidsavklaringspengar når ein har vore sjuk i 52 veker og ikkje lenger har rett til sjukeløn, jf. pkt om maksdato over. Det er eit vilkår at ein har fått arbeidsevna nedsett med minst halvparten på grunn av sjukdom, skade eller lyte.

Normalt vil brutto arbeidsavklaringspengar frå NAV tilsvare ca. 66 % av den arbeidsinntekta den sjukmelde hadde ved maksdato. Den delen av arbeidsinntekta som er større enn 6 gangar grunnbeløpet i folketrygda, vert ikkje rekna med. **(Grunnbeløp: sjå www.nav.no)**

Arbeidsavklaringspengar skal verte samordna med tenestepensjon. Tenestepensjonsordningane nyttar i slike tilfelle nemningane «attføringspensjon» (KLP) eller «uførepensjon» (SKP). Sjå pkt. 7.15 nedanfor.

Den tilsette må sende inn meldekort til NAV kvar 14. dag for å få utbetalt arbeidsavklaringspengane.

7.13. a) Fråvær ved kombinasjon løn + arbeidsavklaringspengar

Ein tilsett som etter maksdato er i løna arbeid i delar av stillinga si, og samstundes mottar arbeidsavklaringspengar frå NAV, har ikkje rett til sjukepengar, verken eigenmeldt eller legemeldt. Dette fordi ein ikkje tener opp rett til sjukepengar når ein tek i mot arbeidsavklaringspengar (folketrygdlova § 8 -12). **Slikt sjukefråvær medfører derfor stopp av løn frå Hordaland fylkeskommune. Dersom løn alt er betalt ut, skal fråværet medføre trekk i løn.** Det er utarbeidd eit eige skjema for slikt lønstrekk, sjå Kvalitetssystemet. NAV vil kunne auke arbeidsavklaringspengane ved slikt fråvær ut frå innsendt meldekort for perioden.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar		
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011
Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

Som dokumentasjon på fråværet kan ein nytte eigenmelding eller sjukmelding frå lege/behandlar, men det gir ikkje rett til sjukeløn. I Personalportalen skal ein då velje årsakskode «Egenmelding (uten lønn)» eller «Sykefravær (u/lønn)»

7.13.b) Fråvær ved kombinasjon løn + tenestepensjon

Ein tilsett som etter maksdato har kome tilbake til ein del av stillinga si, og ikkje mottar yting frå NAV, (evt. får ein prosentvis attføringspensjon/uførepensjon frå tenestepensjonsordninga), har likevel ikkje rett på sjukepengar, verken eigenmeldt eller legemeldt.

Dersom den tilsette går inn i ei redusert stilling med ny skriftleg arbeidsavtale, vil ein tene opp rett til sjukepengar i arbeidsgivarperioden etter 16 dagar i den nye deltidsstillinga. Denne sjukepengeretten gjeld berre eigenmelding eller sjukmelding i inntil 16 kalenderdagar, inntil ein på nytt får rett til sjukepengar frå NAV (sjå pkt. 7.8).

Ein tilsett som ikkje vil gi frå seg den opphavlege stillingsprosenten sin, vil likevel ha rett på sjukepengar frå NAV etter 26 veker med delvis arbeid utan arbeidsavklaringspengar frå NAV. Sidan ein då ikkje har rett på sjukepengar frå arbeidsgivar, vil NAV refundere sjukeløn frå første fråværsdag. Arbeidsgivar vil forskottere slik sjukeløn frå NAV.

7.14. Arbeidsretta tiltak

NAV kan gi tilbod om rettleiing, kvalifisering og tilrettelegging som skal hjelpe arbeidstakarar med nedsett arbeidsevne til å behalde eller skaffe seg arbeid. Aktuelle tiltak kan vere skolegang eller arbeidstrening/utprøving på særskilde arbeidsplassar. NAV har ansvar for at det vert utarbeidd ein individuell aktivitetsplan for tiltaka. Arbeidsretta tiltak bør setjast i gang så raskt som mogleg, gjerne medan arbeidstakaren framleis har rett til sjukepengar. Arbeidsretta tiltak kan, dersom det er tenleg, skje parallelt med medisinsk behandling/rehabilitering

Arbeidstakarar kan søkje NAV om arbeidsavklaringspengar og tilleggsstønader når ein gjennomfører arbeidsretta tiltak.

Når den individuelle aktivitetsplanen er retta inn mot å tilbakeføre arbeidstakar til anna stilling i Hordaland fylkeskommune, vil vedtak om stønad til arbeidsretta tiltak verte rekna som dokumentasjon for lovleg fråvær. Dersom tiltaka strekkjer seg over lang tid, vil fylkeskommunen vurdere om det er tenleg å løyse den tilsette frå si ordinære stilling, og gje den tilsette ein **avklaringsstatus** i fylkeskommunen, jf. oversyn over sjukefråvær s. 8, «3 år og meir»,

Som ein frivillig ordning kan den tilsette søkje permisjon utan løn frå stillinga si i den perioden arbeidsretta tiltak varar, jf. s. 8, andre avsnitt.

Arbeidsgivar skal jamleg ha oppfølgingsmøte med den tilsette, der ein drøftar innhaldet og framdrifta i tiltaka. Dersom dei arbeidsretta tiltaka ikkje lukkast, vert arbeidstilhøvet avslutta gjennom ordinær oppseiing, jf. punktet pkt. 7.16 under.

Etter gjennomførte tiltak skal arbeidsgivar legge til rette for tilbakeføring til stilling i fylkeskommunen, jf. pkt. 7.11 over. Dersom dette viser seg umogleg vil ein vurdere å avslutte arbeidstilhøvet.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar		
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011
Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

7.15. Uførepensjon frå tenestepensjonsordning (pensjonskasse)

Uførepensjon frå tenestepensjonsordning er aktuelt når eit medlem på grunn av sjukdom eller skade får stoppa eller redusert lønsinntekta si. Normalt er dette frå maksdato (sjå pkt. 7.8 over).

Hordaland Fylkeskommune er tilknytt to ulike tenestepensjonsordningar:

- a) **Undervisningspersonell** søker til Statens Pensjonskasse (SPK)
- b) **Alle andre** skal søke til Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

Søknad: Arbeidstakar søker om ytingar frå NAV. Lærarar søker i tillegg Statens pensjonskasse, på skjema som ligg på internett (www.spk.no). Etter innsendt eigenerklæring (ligg i Kvalitetssystemet) vil Servicesenter løn sende naudsynte opplysningar til SPK/ KLP. Pensjon frå SPK og KLP vert samordna med ytingar frå NAV. KLP utbetaler ytingar i samsvar med vedtak frå NAV. Statens Pensjonskasse kan innvilge uførepensjon sjølv om NAV avslår søknaden. SPK vil då utbetale usamordna pensjon. KLP kan berre innvilge usamordna pensjon for uføregrad under 50 %.

Bruttogaranti: Ein arbeidstakar som på grunn av sjukdom eller skade får redusert funksjonsevne, skal være sikra 66 % av løna si i den delen av stillinga arbeidstakaren ikkje lenger mottar lønn, jf. Hovudtariffavtala kap. 2 pkt. 2.1.2. Det er ikkje krav til minimumsgrad eller varig redusert funksjonsevne for å søke yting frå pensjonskassane. I motsetning til folketrygda kan tenestepensjonsleverandørane innvilge uførepensjon lågare enn 50 %. Uføregraden vert fastsett ut frå det inntektstapet arbeidstakaren vert påført på grunn av sjukdom eller skade.

Arbeidsavklaringspengar frå NAV vil i mange tilfelle dekke bruttogarantien på 66 % av løn. Det er likevel viktig at arbeidstakar sender inn søknad/eigenerklæring for tenestepensjon, dette fordi medlemskapen i pensjonskassen held fram i heile stillinga, sjølv om arbeidstakar ikkje lenger betaler pensjonsinnskot. Dersom ytinga frå NAV vert varig, eller dersom lønsinntekta er høg (over 6 gangar grunnbeløpet i folketrygda) vil dette kunne resultere i ei utbetaling frå NAV som er under 66 %. Pensjonsleverandøren vil då utbetale pensjon tilsvarende differansen mellom det NAV utbetaler og bruttogarantien. Arbeidstakar som forsørgjer barn under 18 år får i tillegg til pensjon også utbetalt barnetillegg på 10 % pr. barn. Barnetillegg og pensjon vert avgrensa oppover til 90 % av inntekt. Bruttogarantien gjeld ikkje løn eller tillegg som overstig 12 gangar grunnbeløpet i folketrygda.

Personalseksjonen i HFK kan gi nærare informasjon om reglar og økonomi omkring tenestepensjon.

7.16. Oppseiing frå stillinga ved uførepensjon

Når ein arbeidstakar får vedtak om heil eller delvis **varig/fast uførepensjon**, skal ein straks underrette arbeidsgivar om dette. Arbeidsforholdet vert då avslutta (ved 100 % uførepensjon) eller redusert tilsvarende uføregraden.

Ved delvis uførepensjon skal arbeidstakaren, så langt det er mogleg og tenleg, halde fram i resterande del av den vanlege stillinga si. Dersom dette ikkje er mogleg, vil arbeidstakaren få tilbod om ledig passende stilling som lar seg kombinere med uføregraden og den reduserte funksjonsevna.

Framgangsmåte: Arbeidstilhøvet vert redusert eller avslutta enten ved at den tilsette sjølv seier opp, eller ved at HFK som arbeidsgivar går til oppseiing. I sistnemnde tilfelle skal arbeidsgivar på tenestestaden innkalle til møte for å drøfte oppseiing, jf. arbeidsmiljølova § 15-1. Sjå **mal** for innkalling i Kvalitetssystemet. Den tillitsvalde deltar i slik drøfting med mindre arbeidstakar ikkje

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar		
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011
Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

ønskjer det. Arbeidsgivar sender møtereferat og personopplysningar til Personalseksjonen, som så utarbeider og sender skriftleg oppseiing etter gjeldande regler i arbeidsmiljølova.

Oppseiing eller reduksjon/ending av arbeidsforhold bør skje ved personleg kontakt mellom arbeidstakar og arbeidsgivar, der ein kan gje munnlege forklaringar til dei dokumenta som må overleverast, og evt. takke av den tilsette. Det kan vere tenleg at tillitsvalde er med i slikt møte, og at den tilsette kvitterer på at dokumenta er motteke.

7.17. Juridisk grunnlag for oppfølgingsrutinen.

Følgjande lover, avtaler og reglement regulerer oppfølginga:

- Folketrygdlova, særskilt kap. 8 og § 25-2
- Arbeidsmiljølova, særskilt §§ 2-3, 3-1 og 4-6
- Hovudtariffavtalen kap. 1, § 8
- Intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen)
- Samarbeidsavtale mellom NAV og Hordaland fylkeskommune
- Personalreglementet for HFK
- Permisjonsreglementet for HFK

Sjå Kvalitetssystemet for dokument og linkar

8. Rapportering

8.1 Næraste leiar har ansvar for:

- å sende **oppfølgingsplan** til sjukmeldar innan 4 veker (utskrift frå Personalportalen)
- å sende **oppfølgingsplan** til NAV innan 9 veker, og ei veke før evt. dialogmøte i regi av NAV.
- å fyller ut og sende inn eige **rapportskjema** til NAV etter 9 veker (via Personalportalen).

8.2 Sjukmeld arbeidstakar har ansvar for:

- å sende **eigenmelding** til næraste overordna, elektronisk i Personalportalen
- å levere **sjukmelding** del C og D frå lege eller annan sjukmeldar til næraste overordna (papir)
- å fyller nøyaktig ut og levere **eigenerklæring** som del av sjukmelding (del D, pkt 8) til næraste overordna (papir)
- å levere **vedtak** om stønad frå NAV og tenestepensjonsordning til næraste overordna (papir)

8.3 Personalseksjonen har ansvar for:

- uttak av sjukefråværsstatistikk pr. kvartal til Hovudarbeidsmiljøutvalet, og til NAV og Arbeidstilsynet dersom dei spør etter det.
- årleg rapport m/statistikk over sjukefråværet til Hovudarbeidsmiljøutvalet og til Årsmelding for Hordaland fylkeskommune.

8.4 HMT-seksjonen har ansvar for:

- å rapportere talet på dialogmøte der HMT-seksjonen deltek
- å rapportere talet på funksjonsvurderingar utført av HMT-seksjonen

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar		
	Dokumenttype: Rutine	Godkjend av: Organisasjonsdirektøren	Gjeld frå: 24. august 2011
Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 24. august 2011	Revidert dato: 12. mars 2014	Arkivsak:

9. Vedlikehald av rutinen

Personaldirektøren er ansvarleg for å halde denne rutinen vedlike, og sjå til at rutinen til ei kvar tid er i tråd med gjeldande reglar i folketrygdlova, arbeidsmiljølova, avtaleverket og interne reglement.

NotatDato: 09.05.2014
Arkivsak: 2014/12154-2
Saksbehandlar: fromann

Til:	Hovudarbeidsmiljøutvalet Administrasjonsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen


Sjukefråvær Hordaland fylkeskommune 1. kvartal 2014**Samandrag**

Sjukefråværet gjekk klårt ned i første kvartal, frå 6,41 prosent i 2013 til 5,60 prosent i 2014. Det er særleg langtidsfråværet som er redusert.

Fråværet har gått ned i dei fleste avdelingar og yrkesgrupper, og for både kvinner og menn. Reinhaldarar, miljøarbeidarar og tannhelsesekretærar ligg framleis på eit relativt høgt fråværsnivå, medan pedagogar, tannpleiarar og skuleleiarar har lågast fråvær dette kvartalet.

Statistikkgrunnlaget

Til grunn for statistikken ligg data frå modulen «HR Analyse» i Personalportalen. Alt fråvær ved eigen sjukdom er rekna med: eigenmelding, sjukmelding, fråvær ved yrkesskade og fråvær når NAV refunderer i arbeidsgivarperioden (langvarig eller kronisk sjukdom).

Sjukefråværsutviklinga over tid**Diagram 1 – Sjukefråvær i heile HFK, pr. kvartal, 1.kv. 2011 – 1. kv. 2014**

Fråværet i første kvartal 2014 var på 5,60 prosent, mot 6,41 prosent første kvartal 2013, ein reduksjon på 12,6 prosent. Det er klart lågare enn nivået første kvartal dei tre siste åra. Etersom fråværet første kvartal normalt vert påverka av influensa og sjukdom knytt til vintervær, så er det naturleg å tenkje at den milde vinteren og svak influensaepidemi har verka inn på fråværet hittil i 2014.


Både korte, midlare og lange fråværet har gått ned. Det er likevel særleg det lange fråværet, dvs. over 8 veker, som er redusert sidan i fjor. Redusert langtidsfråværet heng truleg i liten grad saman med sesongprega sjukdomar. Når fråværet óg gjekk ned andre halvår 2013, så er det mogleg at vi har ein meir generell tendens til redusert sjukefråværet i fylkeskommunen.

Kvinner vs. menn

Fråværet for kvinner har gått ned frå 7,54 prosent i første kvartal 2013 til 6,75 prosent i første kvartal i år, ein reduksjon på 10,5 prosent. For menn er reduksjonen enda meir markant, frå 5,01 prosent til 4,12 prosent, ein reduksjon på 17,8 prosent.

Stillingsgrupper

Diagram 2 – Sjukefråværet i HFK fordelt på stillingsgrupper, første kvartal 2013-2014



Vi ser størst reduksjon i fråværet for gruppene kontorpersonell, pedagogar, rådgjevarar, driftspersonell*) og tannpleiarar*). For gruppene reinholdarar, miljøarbeidarar og leiarar fylkesadministrasjonen*) har fråværet auka noko. Reinholdarane hadde på si side ei markert reduksjon frå 2012 til 2013, slik at fråværsnivået for denne gruppa ser ut til å halde seg stabilt på vel 10 prosent.

*) Desse gruppene er talmessig små og er dermed meir utsett for tilfeldige variasjonar.

Sektorane i fylkeskommunen

Fråværet har gått ned i alle sektorane i fylkeskommune. Innan tannhelse og opplæring er reduksjonen frå første kvartal 2013 til første kvartal 2014 på ca 11 prosent, medan fylkesadministrasjonen har ein tilsvarande reduksjon på ca 16 prosent.



Notat

Dato: 31.08.2014
Arkivsak: 2014/18498-2
Saksbehandlar: karoen_

Til:	Administrasjonsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Innføring av tilsetningskontroll i HFK

Som følge av varsla reduksjon i driftsbudsjettet i åra framover drøfta fylkesrådmannen med si leiargruppe i møte 12. august 2014 tiltak for å få meir styring med kostnadane. Eit tiltak som vart drøfta var tilsetningskontroll.

Fylkesrådmannen presenterte saka for dei hovudtillitsvalde i info- og drøftingsmøte den 20.08.2014. Organisasjonane føreset at alle avdelingar viser lojalitet ved innføring av ein tilsetningskontroll.

Etter drøfting med dei hovudtillitsvalde og i rådmannen si leiargruppe har fylkesrådmannen gjort vedtak om å innføre tilsetningskontroll i HFK. Tilsetningskontrollen inneber kontroll av alle nye tilsettingar i fylkesadministrasjonen, i Skyss og i merkantile stillingar ved dei vidaregåande skulane. Dette inneber at fylkeskommunen må nøye vurdere behovet for den einskilde stilling som vert ledig, om ho for ein periode kan stå vakant eller om oppgåvene tillagt stillinga kan løysast ved intern rokering av personalressursar.

Ordninga tok til å gjelda frå 20. august. Einingsleiarar som ynskjer å lyse ut stillingar, må no gjere greie for behovet i eit notat som skal sendast via ansvarleg fylkesdirektør til fylkesrådmannen. Eventuell utlysing av ledige stillingar vil så verte vurdert av fylkesrådmannen saman med fylkesdirektør organisasjon, personaldirektøren og den aktuelle fylkesdirektøren.

Stillingar som allereie er utlyste skal vurderast i lys av tilsetningskontrollen.

NotatDato: 25.08.2014
Arkivsak: 2014/12154-4
Saksbehandlar: fromann

Til:	Administrasjonsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Sjukefråvær Hordaland fylkeskommune 2. kvartal 2014**Samandrag**

Sjukefråværet ser ut til å gått noko ned 2. kvartal 2014 samanlikna med tilsvarande kvartal året før, frå 5,33 til 5,28 prosent. Samanlikning med 2013 er noko usikker pga. ny statistikkmodul. Skilnaden i sjukefråvær mellom kvinner og menn ser ut til å ha auka, og dei kvinnedominerte stillingsgruppene har framleis høgt sjukefråvær. Det ser ikkje ut til ein når målet om maksimum 5,0 prosent sjukefråvær i 2014.

Statistikkgrunnlaget

Til grunn for statistikken ligg data frå den nye versjonen av «HR Analyse», tidlegare nemnd «Beta-versjonen». Ved innføring av denne versjonen har det kome fram ein mangel ved standardverdiar i søkefilteret, slik at ein ikkje har fanga opp alt fråværet, m.a. svangerskapsrelatert sjukefråvær. Dette gir noko høgare fråværestal enn tidlegare oppgitt, ca 0,1 prosentpoeng for første kvartal i år. Det viser seg samstundes andre og noko større skilnader mellom dei historiske tala frå gamal og ny statistikkmodul. Skilnadene er vanskelege å forklåre. Det må derfor setjast eit skilje i statistikken ved årsskiftet 2013/2014. Historiske samanlikningar ut frå tidlegare statistikk vert etter dette ikkje heilt påliteleg, men vil likevel verte nytta som ein peikepinn på utviklinga. Personalseksjonen vil arbeide vidare med å kvalitetssikre den nye statistikkmodulen, i samarbeid med leverandøren.

Sjukefråværsutviklinga

Sjukefråværet i andre kvartal 2014 var på **5,28** prosent, som er noko lågare enn tilsvarande kvartal i 2013 (5,33 prosent). Det legemeldte fråværet ser ut til å ha halde seg på om lag same nivå, medan eigenmelding har gått noko ned, frå 0,70 til 0,61 prosent. Også det lengre fråværet over 8 veker ser ut til å ha gått noko ned.

Det er framleis vanskeleg å samanlikne kvartalstal med nasjonale tal for sjukefråvær, ettersom desse kjem noko seinare (nasjonal sjukefråværsstatistikk for andre kvartal 2014 kjem 11. september). For heile 2013 låg HFK sitt samla sjukefråvær ca. eitt prosentpoeng under det samla fråværet for heile landet (5,5 mot 6,5 prosent). Samanlikning med alle fylkeskommunar i 2013 (KS-statistikk) viste at HFK ligg ca. 0,3 prosentpoeng lågare enn snittet for fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo).


Ut frå utviklinga dei to første kvartala i år ser det ikkje ut til at ein når IA-målet om at fråværet ikkje skal overstige 5,0 prosent, dvs. eit nærvære på minst 95 prosent.

Kjønnsfordeling

Sjukefråvær for menn ser ut til å ha gått markant ned frå 2013, frå 4,28 til 3,76 prosent. For kvinner har fråværet auko noko, frå 6,16 til 6,46 prosent. Auken kan skuldast manglande oppfangning av svangerskapsrelatert fråvær i 2013. For andre kvartal 2014 er sjukefråværet for kvinner 1,72 gonger større enn for menn, som er noko av den høgaste forskjellen vi har hatt i HFK dei siste åra. Men denne faktoren ganske like det vi finn i NAV sin statistikk over legemeldt sjukefråvær på landsbasis i første kvartal 2014.

Fordeling per stillingsgruppe

Diagram 1: Sjukefråvær i HFK fordelt på stillingsgrupper, andre kvartal 2013-2014



Vi ser ein reduksjon for reinhaldarar, pedagogar, rådgjevarar, tannpleiarar og skuleleiarar. Gruppene kontorpersonell, miljøarbeidarar, tannlegar og leiarar i fylkesadministrasjonen har hatt auke. I tråd med ovannemnde kjønnsforskjell ser vi at kvinnedominerte stillingsgrupper har høgast fråvær.

Avdelingane i fylkeskommunen

Fire avdelingar har redusert fråvær dette kvartalet samanlikna med 2013: Økonomi, Regional, Samferdsel og Opplæring. Dei andre har stabilt eller noko auka sjukefråvær. Tannhelseavdelinga ligg framleis høgast, med 7,74 prosent. Det er naturleg å vere noko varsam med tolking av tal for dei mindre avdelingane, der ein skilde langtidfråvær kan gi store utslag i fråværsprosenten.



FINN TOKVAM
KONFERANSIER

IA - KONFERANSEN

Inkluderende arbeidsliv // IA fordi det lønner seg

IA-rådet og NAV Arbeidslivs-senter i Hordaland inviterer til en dag med foredrag, diskusjon, refleksjon og ettertanke.

Velkommen !

IA-konferansen er for politikere, ledere, tillitsvalgte, verneombud og IA-kontakter i alle private og offentlige IA-virksomheter i Hordaland.

18. november

Kl. 09.00 — 15.30
Grieghallen i Bergen

Konferanseavgift kr 500,-

PER FUGELLI



Foto: Jarle Vines



2014



FRODE THUEN LINDA EIDE ANNE INGA HILSEN LINDA LAI



Notat

Dato: 01.09.2014
Arkivsak: 2014/20366-1
Saksbehandlar: briboy

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Notat om overtal pedagogisk tilsette, hausten-14

Overtal blant pedagogisk tilsette har i hovudsak vore knytt til restaurant- og matfag og design og handtverk. Årsaka er låg innsøking til desse programtilboda.

Tolv personar har motteke oppseiingsbrev. To av desse er oppsagt i heile stillinga, dei andre er oppsagt i delar av stillinga, alt frå 6% til 84%. Erfaringar tilseier at fleire av desse etter kvart vil få fylt opp igjen stillinga si ved den respektive skulen, men denne oversikta har vi ikkje enno.

Når det gjeld dei to personane som er sagt opp i heile stillinga, har den eine takka nei til anna jobbtildbod grunna praktiske problem knytt til naudsynt flytting. Den andre læraren har gjeve uttrykk for at han ikkje ynskjer å flytte på seg, noko som var naudsynt om vi skulle gi han eit tilbod.